



Kåre Vethus orienterte Per Bringedal om kalkdoseraren

På sjølvaste nyårsafta hadde Uskedalen besøk av fire gjester frå Stavanger og frå Årdal i Ryfylke. Per Bringedal er dagleg leiar i Bringedal Elektro, etter far sin Johan Bringedal. Per har som barn og ungdom feriert i Uskedalen. Han bur i Årdal, er grunneigar og formann i styret for eleveeigarlaget.



Kalkdoseraren er eit godt eigna besøksmål

Årdal har ei god fiskeelv med innrapportert 2,5 tonn fisk i året. Dei har eige klekkeri og driv elvekultivering slik vi gjer i Uskedalen. Ulikt Uskedalselva har dei restriksjonar på fiske. Kvar fiskar har rett til å ta ut ein laks i døgeret. Liten fisk vert sett ut att. 30 % av alt som vert fiska, vert sett ut i elva. Kalkstasjon har dei ikkje. Difor var interessa særleg stor for korleis kalkdoseraren vert driven i Uskedalen. Tilsynsmann Kåre Vetrhus synte og gav ei god og fylldig orientering om korleis anlegget fungerer og kva positiv verknad kalking har hatt på fiske i Uskedalen. I tillegg til kalkstasjonen vert det framleis kalka med helikopter.

Etter synfaringa vart gestene frå Rogaland tekne med til Fjellandsbøvatnet der den fyrste kalkinga tok til for mange år sidan. Turen vart avslutta med besøk på Friheim gardsmat der Bjørg Inga Miljeteig orienterte og fortalde om produksjon av lokal kjøttmat.

Til slutt må vi ta med at den interesserte fiskaren, Per Bringedal, på nyåret har lagt turen til Argentina i Syd Amerika.

Kvifor? For å fiska sjølvsgt

Tekst: Kristian Olav Bringedal

Foto. Ann-Magritt Vatle